

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
001/23	Formannskapet	SL	

Saksbehandlar	ArkivsakID
Tor Asle Skiple	23/1083

## Søknad om skjenkeløyve - Den Grøne Fabrikken AS, Hosanger

### Vedlegg:

Søknad serverings- og\_ eller skjenkebevilling

Planteikning\_Den Grøne Fabrikken

Kunnskapsprøve\_Den Grøne Fabrikken

Etablerarprøve\_Den Grøne Fabrikken

Firmaattest\_Den Grøne Fabrikken

Mattilsynet\_Den Grøne Fabrikken

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

I medhald av alkohollova §§ 1-4a og b, 1-6, 1-7, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 4-2 og 4-4 vert det gjeve allment skjenkeløyve for all alkoholhaldig drikk, gruppe 1, 2 og 3 for Den Grøne Fabrikken AS, Hosanger

Løyvehavar: Den Grøne Fabrikken AS, org.nr. 917 741 727

Styrar: Lars Magne Bysheim, f. 23.12.1954 og avløysar Trond Lillejord, f. 16.06.1963 vert godkjende.

Type verksemd: Galleri, kunstverkstad, selskapslokale.

Skjenketid alkohol gruppe 1 og 2 alle dagar: kl. 10.00 – kl. 02.00  
(drikk med 2,5% til 22% alkoholinnhald)

Skjenketid alkohol gruppe 3 alle dagar: kl. 13.00 – kl. 01.00  
(drikk over 22% til 60% alkoholinnhald)

Vidare vert det gjeve allment skjenkeløyve for all alkoholhaldig drikk på avskjerma uteområde.

Skjenketid for uteservering alkohol gruppe 1 og 2: kl. 10.00 – kl. 24.00

Skjenketid for uteservering alkohol gruppe 3: kl. 13.00 – kl. 24.00

Løyveperiode: 22.06.2023 – 30.09.2024

Formannskapet - 001/23

FS - behandling:

## **FS - vedtak:**

### **Saksopplysningar:**

#### **Saksopplysningar:**

#### **Bakgrunn**

Den Grøne Fabrikken AS med organisasjonsnummer 917741727, Osterøyvegen 2106, Hosanger. Styrar for løyvet er Lars Magne Bysheim, Lonevåg og avløyser er Trond Lillejord, Lonevåg.

Verksemenskonseptet er ein stad for galleri, kunstverkstad, kurs, intimkonsertar, teambuilding, selskap og den flytande kunstbadstova Flabelina. Inneserveringsområdet utgjer ca. 260 m2 med 100 sitteplassar i tillegg til eit uteserveringsområde på 50 m2 med 25 sitteplassar.

Både styrar og avløyser har avlagt kunnskapsprøven, men etablerarprøven har per d.d. kun avløyser Trond Lillejord og Lars Magne Bysheim vil ta denne innan 21.06.2023

Utskrift frå Brønnøysundregistrene er motteke saman med kopi av stiftingsdokument for selskapet.

Søknaden er send politiet, skattemynde og sosialavdeling til uttale. Politiet har ikkje merknader til søknaden. Skatteetaten har oversend opplysningar kring økonomiske tilhøve for avløyser. Alkoholova § 1-7 stiller ikkje krav til styrar og avløyser etter skatte-, avgifts- og rekneskapslovgjevinga.

I gjeldande alkoholpolitisk plan er det sagt at skjenkeløyve i hovudsak skal gjevast til verksemder lokalisert til regionsentera i kommunen. Den Grøne Fabrikken er lokalisert i Hosanger der det er ei anna verksemd med skjenkeløyve.

#### **Vurdering**

I kommunedirektøren si tilråding er skjenke- og opningstider fastsette i samsvar med ny alkoholpolitisk handlingsplan. Den Grøne fabrikken har utgangspunktet ingen faste opningstider, men er sesongopent ved utstillingar og galleribesøk, samt ved arrangement og ved utleige og selskap for både mindre og større grupper. Elles vil det vere ope på førespurnad. På bakgrunn av dette vil årsomsetning og skjenkevolum vere lågare enn andre skjenkestader i kommunen.

Maks skjenketid er fastsett i samsvar med vedtekne retningslinjer for skjenking og sal av alkohol i Osterøy kommune.

Den Grøne Fabrikken har areal til uteservering som oppfyller krav i alkoholpolitisk plan til skjerming av området samt krava til framkomst og trafikkale høve.

Den Grøne Fabrikken kan vise til internkontrollrutine for opplæring av tilsette og rutiner for handtering av skjenkebestemmelser.

Hovudregelen i alkoholova er at sals- og skjenkeløyve for alkohol vert gitt for inntil 4 år og med

opphøyr seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer. Lova opnar for at kommunen kan vedta vidareføring av alle sals- og skjenkeløyve for nye 4 år. Kommunen kan og fastsetja retningsliner for kva løyve som må fornyast og kva som kan vidareførast. Føresetnaden for dette er at kommunen først har gjennomgått alkohol- og løyvepolitikken. Kommunedirektør vil rå til at nytt løyve vert gitt med ein utløpsdato: 30.09.2024. På denne måten held ein fast ved løyveperiodar med handsaming etter kvart kommunestyreval tilsvarande andre løyve som er gitt.

Folkehelse – noko økt tilgjenge til alkohol i området

Miljø – ikkje vurdert

Økonomi – ikkje vurdert

### **Konklusjon**

Kommunedirektør vil rå til at søknaden vert imøtekomen, så langt det ikkje kjem fram opplysningar som tilseier noko anna.